U. B. BERGEN
Ms. 1162/6



Toten 2/2 1924

Kjære gamle ven!

70 aar! Eg fekk det fyrst i dag. Eg kjenner varm trong til helsa paa deg. Kor eg minnest deg fraa fyrste sam=ferd! Høyrde um deg av madam Tandberg lenge fyrr eg kjende deg. Me møttest med universitetsklokka, var jodaaner med ein einaste gong. Du veit eg var heller „svak" i latinen, difor berga eg meg ein rümpetjale til embætseksamen, og trudde det vilde gaa glattare. Og det gjorde det. I den tidi tok baade du og bror din embætseksamen same aaret. Men daa eg kom dit eg fekk mal vart rümpetjalen for liten paa ein maanads tid. Og no er me gamle, er komne inn i „klokkedalen" der det ringjer til kyrkjeferd for venerne vaare.

Nyst stodde ein konfirmant Lara

verst. Og tage de vårt liv

godt æra, barn og viv,

lat fare, skitt lat gaa"!

sa han i sin iver. Dette trøystar eg meg med.

Du hev daa gjort mykje stort utan lön, du vert eit mynster til etterfylgjing. Eg veit, kva du hev ofra. Men det var din hugnad, „din mat aa gjera Guds vilje."

"Eg ser, at du hev heidra deg no i Bergen. Din heider vert större, naar maalsaga skal sigrast.

Eg vaagde kje vera heil som du. Armodi hadde skræmt meg, og daa eg svalt i Oslo, vart eg hugen paa mat. Og so hev eg kje fenge flödt min fulle blodstraum inn i same heile leid. Eg hev skitra meg burt i mangt.

Talarne mine til ungdomen

U. B. BERGEN
Ms. 1162/6



kaamkunda, og sume salmar og dikt kom av og til vore fullfødde. Det er det einaste.

Men no fer det stura med gjort som gjort!
„Livet er attanfyre oss no, me ha lite meir aa venta av det.
Men lukkeleg er den, som i sin alderdom kann sjaa atthende paa truskap mot ungdoms hugmaal. For slik truskap er samvær med Gud!

Hjartelg helsing til deg og frua og borni dine!

Din helgjevne ven

Anders Hovden